

ÅRSPLAN 2021-2022 VATS BARNEHAGE



Barnehagen sitt mandat finn me i Barnehagelova §1

Årsplanen byggjer på Barnehagelova, Rammeplan for barnehagar og Vedtekter for barnehagar i Vindafjord

Leik og læring hand i hand.

Me har fokus på varme og grensesetjande vaksne, medverkande barn og kontinuerlig utvikling av sosial kompetanse. Gjennom rettleiing og bevisst praksis skal me lage ein god arena for barnet sin vekst og utvikling.

Mål: Alle barn skal kjenne seg trygge, få god sjølvkjensle og god sosial tilnærming, få støtte i leiken til god tilknytning, utforskning og læring. Leiken er barnets læringsarena.

Vats barnehage ligg i flotte omgjevnader med eit stort og naturrikt uteområde med grillhytte, nær vatn, skog og fjell.

3 avdelingar med tilsaman 35 barn :

Klatremus, Stabbursmus og Fjellmus.

Visjon:
Leik og læring
hand i hand

Kontaktinformasjon:

Vats barnehage,
Blikravegen 48,
5576 Øvre Vats.

Styrar:

Kristin Tveit Beiermann:
53 65 58 75.

kristin.tveit.beiermann@vindafjord.kommune.no

Opningstid:

0645-16.30 kvar dag.

Barnehageårets fyrste dag:
15.aug.

Stengt jule- og nyttårsafta.

Onsdag før Skjærtorsdag
opent til 12.00.

Stengt fem planleggings-
dagar i barnehageåret.

Informasjon frå barnehagen:

Me sender e-post / SMS / nyhetsbrev / månadsplan / bilde, oppslagstavla og «dagen min» via det nettbaserte MyKid.no. Alle foreldre har tilgang til MyKid med sitt mobiltnf nr. og passord.

Fjellmus er førskulegruppa. Dei har fokus på nærmiljø, «meg sjølv» og matematikk. Klatremus har tema sosiale relasjonar og språk. Stabbursmus fokus på språk gjennom språkløyper. Bruker materialet: Plass bak på kosten. Meir om dette på mykid.no.



Læring

Innhaldet i barnehagen skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Barna skal oppleve framgang og progresjon. Barna skal ha medverknad på sin eigen kvardag. Barn skal få oppleva at deira interesser blir bygd vidare på. Digitale verktøy kan vera ei kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Barn skal få utfordringar som er tilpassa deira ferdigheiter.

Rutinar rundt bringing og henting av barna

Ved levering om morgonen og henting om ettermiddagen skal foreldra alltid ta kontakt med personalet. Foreldra har sjølv ansvaret for barnet når det er henta både innanfor porten og utanfor. Barnehagen skal alltid ha melding når andre enn foreldra skal henta.

Klede og utstyr som barna treng

Barna må alltid ha med seg nok klede og sko til å vera ute i, **dette er viktig**. Dersom ikkje så ringer me heim. Det må også alltid vera nok bytteklede som ligg i barnehagen, og alle klede og sko skal vera merka med barnet sitt namn.

Trafikksikker kommune

Alle kommunale barnehagar held på å bli godkjent som trafikksikker barnehage. Dette betyr at trafikk og sikkerhet er i fokus i kvardagen. Målet med arbeidet er å gi barna erfaringar og gode haldningar slik at dei best mogeleg kan ferdast i trafikken. Barna opplever trafikk når dei skal til og frå barnehagen og når de skal på tur. Barn observerer kva dei vaksne gjer. Alle vaksne er rollemodeller. Vats barnehage arbeider med å utarbeide sin eigen plan for trafikksikkerhet som du etter kvart finn på Mykid.no

Aktivitetsplikt

Barnehagelova §41-43

Plikt til å sikre barnehagebarn eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.(aktivitetsplikt)

Viktige tema i barnehagen:

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd med eigenart og tradisjonar som må ivaretakast. Innhaldet vera allsidig og variert. Aksept for barndommens eigenverdi står svært sentralt. Me skal sjå **omsorg og danning, leik, læring og sosial og språkleg kompetanse** i samanheng.

Omsorg og danning

Alt me gjer i barnehagen skal pregast av omsorg. Omsorga skal speglast i handling, språk og kroppsspråk. Barn viser ofte omsorg ved å opptre inkluderande, vera empatisk og ved å hjelpa andre barn. Dei vaksne viser omsorg ved å leggja til rette for ein trygg, morosam, lærerik og inkluderande kvardag på avdelinga.

Leik og danning

Leiken er eit mål i seg sjølv for barn. I leiken bearbeider barna sine erfaringar og inntrykk frå kvardagen. Leiken legg grunnlaget for barns vennskap og samhandling med kvarandre. Leik fremjer læring, felles verdier og normer. Det er difor viktig at me tek dette på alvor og legg til rette for leiken i barnehagen.

Sosial kompetanse og danning

I barnehagen er det unike vilkår for å fremje vennskap og fellesskap i samspel med andre. Me legger grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarlig deltaking i demokratiske fellesskap. Her er mange barn samla, og difor vert det stilt krav til barnehagen om å ha kunnskap, ferdigheiter og motivere for å fremje kommunikasjon og språk. Dei ansatte rettleier barna undervegs for å kunna vera saman på ein god måte.

Likestilling i barnehagen

Barnehagen skal fremje likestilling og likeverd uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Motverke alle former for diskriminering.

Teknologi i leik og læring. I alle delar av samfunnet har informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) ein sentral plass. Dei fleste barn kjem til barnehagen med både kunnskap om og erfaringar med IKT. Dei er nysgjerrige, og vil gjerne prøva å forstå korleis ting fungerer. IKT kan supplera arbeidsmåtane i barnehagen, støtta barnas utvikling og læring og tilby nye uttrycksformer

BTI –betre tverrfagleg innsats.

Handlingsretteleiarer finn du på Vindafjord kommune si heimeside.

Dersom barnet har ei utfordring eller noko me må være ekstra merksame på, kan me opprette ein digital tiltakslogg, stafettlogg. Dette i samarbeid med foresatte.

Samarbeidspartnarar for barnehagen er bl.a:

Pedagogisk psykologisk -teneste

Barn som treng ekstra hjelp og støtte, kan bli tilmeldt til PPT slik at personalet og foreldre kan få rettleiing i det daglege arbeidet med barna.

Andre som me kan samarbeide med er: **NAV, barnevern-tenesta, BUP** (barne og ungdoms psykiatrisk), **barne- og familierettleiar eller helsestasjonen.**

For å samarbeide med andre instansar treng me ALLTID underskrift av foresatt



Overgang barnehage - skule:

kommunen har ein plan for overgang mellom barnehage og skule.
Den er forpliktande for både skule, barnehage og PPT.
Rektor og styrar er ansvarlege for denne. Innskriving skjer vanlegvis i april.

Foreldresamarbeid

Foreldre og barnehage skal ha gjensidig respekt og anerkjenning for kvarandre sitt ansvar og oppgåver. Kvar barnehage har eit **foreldreråd** (alle foreldre) og eit samarbeidsutval (**SU**). SU består av 3 forelder, styrar Kristin Tveit Beiermann og personalrepresentant Bente T Eikesdal frå barnehagen. Det er også med ein politikar Wenche S Lilleland. Vara: Sigbjørn Willy Mortveit. SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande organ. SU sine foreldrerepresentantar dette barnehageåret er:

Christine Sandvik (2021), Pia Flæte(2020) og Jostein Sørhus (2021).

Foreldremøte blir gjennomført tidleg på hausten. OG etter behov.

Samtalar: Barnehagen inviterer foreldra til individuell samtale minst ein gong i året. Dette er ein samtale om trivsel og utvikling for det enkelte barnet.

Elles er det ein viktig møtestad kvar dag ved henting og bringing.

FUB (Nasjonalt foreldreutval for barnehagar)er eit rådgjevande organ og høyringsinstans for Kunnskapsdepartementet i saker om samarbeid mellom føresette og barnehage.

Ansatte i barnehagen 2021/22:

Klatremus:

Ped leiar: Mona Hegerland 80%,
Barnehagelærer: Bente T
Eikesdal 100%
Fagarbeider:
Gerd Marit Rugtveit 100%

Fjellmus:

Ped leiar: Tove Ohm 80%,
Fagarbeider:
Bodil Halsnes 80%

Stabbursmus:

Ped leiar: Anne Jorunn Apeland 80%
og Randi Lea Koltveit 60%
Fagarbeider: Britt Helene Carlsen 80%
Assistent:
Gerd E Sørhus 60%

Observasjon i barnehagen.

I BARNEHAGEN NYTTAR ME TRE ULIKE SKJEMA FOR OBSERVASJON AV BARNA: TRAS og ALLE MED og begrepsforståelse-test.

- TRAS (Tidleg registrering av språk) inneheld åtte ulike språkområde: Samspel, Kommunikasjon og merksemd (knytta opp mot bruksida av språket), Språkforståing og Språkleg bevissthet (innhalds-sida og bevisstheten om språket), Uttale, Ordproduksjon og Setningsproduksjon. Språkforståelse handlar om kva barnet begriper av begreper, saman med språkleg bevissthet.
- TRAS skal både gjennomførast og tolkast på bakgrunn av dagleg samspel, og gir oss eit bilete av barnets språkutvikling over tid.
- ALLE MED: observasjonsskjema som dekker: språkutvikling, lek, sosioemosjonell utvikling, hverdagsaktiviteter, trivsel og sansemotorisk utvikling.
- Både TRAS og ALLE MED er i tråd med den nasjonale satsinga om å fanga opp dei barna som slit med å meistra så tidleg som mogleg.
- På dei eldste barna i barnehagen blir det tatt ein begrepsforståelse-test på hausten. Dette gjev grunnlag for kva som skal vektleggjast i det pedagogiske arbeidet på avdelingen.

TRAS
TIDLIG REGISTRERING
AV SPRÅKUTVIKLING
- I DAGLIG SAMSPILL




Ferie for barna:

Alle barn skal ha 4 ferieveker, minst 3 veker må takast samanhengande mellom 15.juni – 15.august, melde inn innan 1.mai. Den siste veka kan delast opp i enkeltdager og takast når som helst. Barnehagen skal ha melding om feriedag seinast 2 veker på førehand.

NB! Du melder inn ferie på mykid.no

Dokumentering og evaluering i barnehagen:



Dokumentasjon: Arbeidet som blir utført i barnehagen skal dokumenterast. Dette gjev oss grunnlag for refleksjon over denne arenaen for leik, læring og utvikling som me skaper i barnehagen.

Vurdering: Me vurderer kontinuerleg bl.a. kvardagsituasjonar, måltid, samling, leik, hente- og bringesituasjonar. Kva fungerer, kva må endrast? Me vurderer barnegruppa, drøftar korleis samspelet er barna imellom, mellom barna og personalet, og mellom oss tilsette her i barnehagen. Me bruker verktøyet «pedagogisk analyse» dette for å sikre fagleg utvikling og dokumentasjon.

Kvifor vurderer me : Kvalitet i samspelet mellom oss menneske i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Difor må me vurdere trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet. Me vurderer for å finna ut kva me er god på, kva me treng å gjera betre, og for å fornya og utvikla oss som organisasjon.

Litt som gjeld alle avdelingane gjennom året:

august	oppstart	januar	
september	Foreldremøte	februar	Karneval, samenes dag
oktober	Brann, politi, sykebil	mars	
november		april	påskefrukost
desember	Julevandring Nissefest,	mai	
		juni	Førskuleavsluttning Sommarfest